

Viksdalen beitelag
Viksdalen Sau og Geit
v/Eli Berge Ness
6978 Viksdalen

Viksdalen 30.09.19

Olje- og energidepartementet
Akersgata 59
0180 Oslo

Innspel til høyring – NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land.

Som faglag for småfehaldarar og som lag for organisert beitebruk i Gaular med medlemmar m.a. i Høyangerfjella, vil vi sende innspel til høyringa vindkraft på land.

Ei eventuell utbygging vil føre til konsekvensar for medlemmane i beitelaget og i Sau og Geit.

Ein positiv konsekvens vil vere at gjennom utbygging av vindmøllepark vil det bli mange fleire vegar i området, noko som kan lette tilsyn gjennom beitesesongen.

På den andre sida har ein erfaring med at vegutbyggingar og anleggstrafikk fører til mykje uro i beiteområde. Dei opprinnelege vegane blir ofte øydelagde, dyra trekkjer til nye område og det er erfaringsmessig eit problem at vaksne og lam har lett for å bli skilde frå kvarandre.

Dette resulterer i at beitekvaliteten blir dårlegare og at dei som har dyr i området får dårlegare resultat. Det fører også til meirarbeid ved sanking.

For Viksdalen beitelag
og Viksdalen Sau og Geit
Eli Berge Ness